

Sak til Områdeutvalg

Går til:	Medlemmene i Områdeutvalg for Nordhordland
Dato:	03. februar 2023
Saksinnmelder:	Leder og nestleder i Områdeutvalg Nordhordland
Saken	Oppsummering av workshop 18. november 2022
gjeld:	
Saksnummer:	04/2023

Bakgrunn

I Områdeutvalget i Nordhordland 18. november 2022 vart det gjennomført ein Workshop for å konkretisera kva mål Områdeutvalget ønskjer å oppnå, kva spelereglar for møta me skal ha og korleis me best mogleg kan organisera arbeidet i utvalet for å lykkast med oppgåvene og måla. Oppsummeringa etter workshopen vart sendt ut med referatet etter møte 18. november. Det har ikkje kome innspel til oppsummeringa.

Vurdering

Områdeutvalet sitt mandat følger av Nasjonal helse- og sjukehusplan 2020-2023 og strukturen i Helsefellesskapet. Det er difor viktig at dei måla utvalet set seg for sitt arbeid samsvarer med dei nasjonale måla og den overordna samarbeidsavtalen i helsefellesskapet. I forslaget til vedtak om mål for Områdeutvalet sitt arbeid er dei måla som kom fram i workshopen tilpassa slik at dei er lettare å kjenne att i Nasjonal helse- og sjukehusplan.

I workshopen var gruppa menneske med psykisk utviklingshemming nemnt særskilt med «Bidra til bedre tjenester for pasienter med utviklingshemming.» Dette er teke ut i forslaget til vedtak. Grunngevinga for dette er at det er mange grupper som treng særskilt ivaretaking, og måla bør vere slik formulert at alle sårbare grupper er inkludert utan at enkeltgrupper vert løfta fram særskilt. Gruppa menneske med psykisk utviklingshemming er ivaretekne i mål nr. 2.

Forslag til vedtak

Områdeutvalget Nordhordland vil arbeida etter desse måla og prinsippa:

Mål for arbeidet

1. Pasientane opplever samanhengande tenester på tvers av sjukehus og kommunar.
 - Det er god kommunikasjon og koordinering mellom tenestene
 - Ansvar - og oppgåvedelinga er tydeleg for pasient og pårørende
 - Det er felles fokus på å utvikle tenestene og rekruttere/behalde personalet
2. Sårbare pasientar opplever at tenestene arbeider i team rundt dei.
 - Særskilt fokus på dei 4 prioriterte gruppene: Dei mest sårbare barna, unge og vaksne med alvorlege og samansette behov, barn og unge med psykiske helseplager og skrøpelege eldre.

Felles spelereglar for møta

1. Gode saksnotat, som blir sende ut i god tid (helst 3 veker før møtet).
2. Medlemmene stiller førebudd til møta og har forankra sakene internt i sin organisasjon.
3. Prioritera tid til diskusjon, vise takhøgd og respekt i diskusjonane.
4. Faktabaserte avgjerder.
5. Kortare bolkar og oftare pausar.
6. Evaluering av møta.

Organisering av arbeidet for å lukkast med oppgavene og måla

1. Sakene me arbeider med skal vere framtidsretta.
2. Meldemene må sjå til at det vert arbeidd med sakene mellom møta, sikra forankring og implementering i sin organisasjon.
3. Utvalet må prioritera og konkretisera utvalde område (handlingsplan).
4. Me må ha fokus på å identifisera og løfte felles problemstillingar.
5. Bruke fagmiljø aktivt når me treng analysegrunnlag.
6. Setje av tid til presentasjon av kvarandre sine tenester og utfordringar.
7. Områdeutvalet kan samhandle med Fag -og tenesteutvikling for å operasjonalisere tiltak.